

Pris Hest i næring (30 stp)

Generelt: HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen. Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomførings- og førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Modul). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekket.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekket i studieavgift til HLB.

HiN (30 studiepoeng) – Kr. 20 100,-

Modulen inkluderer studietur (samling) til (truleg) det nasjonale hestesenteret Ypaa i Finland (evt. til Frankrike eller Island). Dette blir klart i god tid før studiestart). Samlinga vil innehalda både faglege bidrag, feltarbeid og ridning/praksis. Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Fly t/r Sola. Det går også an å reisa frå Oslo, Bergen og Trondheim.
- 2 overnattingar
- Måltider frå ettermiddag dag 1 til lunsj dag 3